KONKURRANSEGRUNNLAG

Open anbodskonkurranse
etter del I og III i forskrifta

for anskaffing av

Vintervedlikehald på kommunale vegar i Etne kommune
Sesongane 2026/27 og 2027/28
med opsjon for
2028/29 og 2029/30

Avtaletid 2 år med einsidig opsjon for oppdragsgjevar på 1+1 år
Maksimal avtaletid 4 år
Ved full utnytting av opsjonane varer avtalen til og med 31.05.2030.

Kontrakten trer i kraft ved signering

Versjon juli 2026

Innhald

1 GENERELL SKILDRING 3
1.1 Oppdragsgjevar 3
1.2 Formålet med og omfanget av anskaffinga 3
1.3 Kontraktsvilkår 4
1.4 Deltilbod 4
1.5 Klima og miljø 5
1.6 Viktige datoar 5
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD 6
2.1 Anskaffingsprosedyre 6
2.2 Attest for skatt og meirverdiavgift 6
2.3 Offentlegheit og teieplikt 6
2.4 Vedståingsfrist 6
2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 6
2.6 Tilleggsopplysningar 7
3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) 7
3.1 Generelt om ESPD 7
3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar 7
4 KVALIFIKASJONSKRAV 8
4.1 Registrering, autorisasjon mv. for leverandøren 8
5 TILDELINGSKRITERIUM 8
5.1 Evalueringsmetode 9
6 INNLEVERING AV TILBOD 10
6.1 Utforminga av tilbodet 10
7 VEDLEGG 11

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgjevar

Opplysningar om oppdragsgjevar går fram av konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) til oppdragsgjevar.

Kontaktperson hos oppdragsgjevar er:
Namn: Axel Otto Krüger
e-post axel.kruger@etne.kommune.no

All kommunikasjon med oppdragsgjevar skal skje gjennom KGV-et til oppdragsgjevar. Dette gjeld også spørsmål og svar.

1.2 Formålet med og omfanget av anskaffinga

Etne kommune skal inngå kontraktar om vintervedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, fortau og parkeringsareal som inngår i rodane. Oppdraget omfattar i hovudsak snøbrøyting og strøying.

Formålet med anskaffinga er å sikra eit trygt og framkomeleg kommunalt vegnett gjennom vintersesongen. Vintervedlikehaldet skal bidra til at trafikantar kan ferdast på ein trygg måte, og at viktige kommunale tenester og samfunnsfunksjonar har nødvendig framkomst også under krevjande vêr- og føreforhold.

Det kommunale vegnettet som inngår i anskaffinga er delt inn i 9 roder. Kvar rode utgjer ein eigen delkontrakt. Leverandørane kan gi tilbod på éi eller fleire roder, under føresetnad av at dei har tilstrekkeleg kapasitet til å utføra oppdraga dei gir tilbod på. Same leverandør kan bli tildelt fleire roder.

Leverandøren har ansvar for å følgja med på vêr- og føreforhold på tildelt rode og sjølv setja i gang brøyting og strøying når vilkåra i kontrakten er oppfylte. Oppdraget krev beredskap gjennom heile vintersesongen og tilgang til eigna personell, maskiner og utstyr.

Nærare skildring av rodane og omfanget av vegnettet går fram av vedlegg 04 - Vegnett og roder. Krava til gjennomføring av vintervedlikehaldet går fram av vedlegg 01 - Kravspesifikasjon vintervedlikehald på kommunale vegar.

Som eit nytt tiltak i denne kontrakten vil Etne kommune ta i bruk det digitale sporings- og registreringsverktøyet Bromlogger. Verktøyet skal nyttast av leverandørane ved utføring av brøyting, strøying og rekognosering, og vil mellom anna dokumentera kvar arbeidet er utført, kva aktivitet som er utført og tidsbruken knytt til arbeidet. Registreringane vil inngå som grunnlag for dokumentasjon, fakturering og kontraktsoppfølging. Nærare krav til bruk av Bromlogger går fram av vedlegg 01 - Kravspesifikasjon vintervedlikehald på kommunale vegar.

1.3 Kontraktsvilkår

Det vil bli inngått kontrakt med kvar leverandør som får tildelt éi eller fleire roder. Dersom same leverandør får tildelt fleire roder, vil desse inngå i same kontrakt.

Kontrakten blir regulert av kontraktsdokumentet med tilhøyrande vedlegg. Krav til gjennomføring av oppdraget går fram av kravspesifikasjonen, medan generelle kontraktsvilkår går fram av Standard kontraktsvilkår for Etne kommune.

Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten inneheld særskilde krav til lønns- og arbeidsvilkår, jf. LOA § 5 e. Krava går fram av vedlegg 03 - Kontraktsvilkår om løns- og arbeidsvilkår.

Vurdering av krav om bruk av lærlingar

Etne kommune har vurdert om det skal stillast kontraktsvilkår om bruk av lærlingar etter anskaffingslova § 5 h.

Oppdraget gjeld vintervedlikehald fordelt på ni roder. Arbeidet på den enkelte roda blir i stor grad utført av éin person med traktor eller anna eigna maskin. Leverandørmarknaden for denne typen oppdrag består i stor grad av mindre verksemder, og kommunen har erfaring med avgrensa konkurranse om oppdraga.

Etter ei konkret heilskapsvurdering av innhaldet i og organiseringa av oppdraget, samt omsynet til konkurransen, vurderer Etne kommune at kontraktsvilkår om bruk av lærlingar vil vera uforholdsmessig i denne anskaffinga, jf. anskaffingslova § 5 h fjerde ledd. Det blir derfor ikkje stilt krav om bruk av lærlingar.

1.4 Deltilbod

Konkurransen er delt inn i 9 delkontraktar (roder). Kvar rode utgjer ein eigen delkontrakt.

Leverandørane kan gi tilbod på éi, fleire eller alle rodane. Ein leverandør kan bli tildelt fleire roder, under føresetnad av at leverandøren har tilstrekkeleg kapasitet til å oppfylla krava for alle rodane som blir tildelte.

Leverandør som gir tilbod på fleire roder, kan i vedlegg 06 – Tilbodsskjema oppgi redusert timepris dersom leverandøren får tildelt fleire roder. Ved evalueringa vil Etne kommune leggja til grunn den prisen som gjeld for den aktuelle tildelinga.

Dersom same leverandør får tildelt fleire roder, vil dei tildelte rodane bli samla i éin kontrakt mellom Etne kommune og leverandøren.

Nærare oversikt over dei 9 rodane går fram av vedlegg 04 – Vegnett og roder.

1.5 Klima og miljø

Etne kommune har vurdert korleis klima- og miljøomsyn best kan ivaretakast i denne anskaffinga.

Leverandørmarknaden består i stor grad av mindre verksemder som nyttar eksisterande traktorar og maskiner til vintervedlikehald. Kommunen vurderer at tildelingskriterium knytt til til dømes type, alder eller utsleppsklasse på maskiner vil ha usikker miljøeffekt og samtidig kunna redusera konkurransen.

Klima- og miljøomsyn blir derfor ivaretekne gjennom konkrete krav til gjennomføringa av oppdraget. Krava omfattar mellom anna effektiv planlegging og køyring, reduksjon av unødvendig køyring og tomgangskøyring og tilpassing av mengda strømiddel til dei faktiske føreforholda.

Krava gjeld for alle leverandørar gjennom heile kontraktsperioden. Etne kommune vurderer på denne bakgrunnen at bruk av krav i kravspesifikasjonen vil gi betre klima- og miljøeffekt enn bruk av klima og miljø som tildelingskriterium, jf. anskaffingslova § 5 b.

1.6 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	12.10.2026 kl. 15:30
Frist for å levere tilbod	19.10.2026 kl. 15:30
Evaluering	Veke 43
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 43
Utløp av karensperioden	02.11.2026
Kontraktsinngåing	03.11.2026
Vedståingsfrist for tilbodet	03.12.2026 kl. 12:00

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter fristen for å levere tilbod er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR-2016-08-12-974, del I og del III. Kontraktstildeling vil skje etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1 (1).

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er difor ikkje høve til å endre tilbodet etter at tilbodsfristen er gått ut. Det blir vidare gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter forskrift om offentlege anskaffingar § 24-8 (1) bokstav b. Oppdragsgjevar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklarheiter eller liknande som ikkje kan reknast som uvesentlege, jf. forskrifta § 24-8 (2) bokstav a.

Leverandøren blir difor på det sterkaste oppmoda om å følgje dei føringane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål om uklarheiter via KGV-et til oppdragsgjevar.

Tilbodet skal utarbeidast etter retningslinjene i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og leverast elektronisk ved å nytte KGV-et til oppdragsgjevar.

2.2 Attest for skatt og meirverdiavgift

Vald leverandør skal på førespurnad levere attest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom vald leverandør er norsk. Attesten blir henta inn manuelt.

Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå den datoen oppdragsgjevar melder frå om kven som har vunne konkurransen.

2.3 Offentlegheit og teieplikt

For innsyn i dokument i ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og dei tilsette hos oppdragsgjevar pliktar å hindre at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det vil vere av konkurransemessig betydning å halde hemmelege, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

2.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må stå ved tilbodet sitt fram til tidspunktet som er oppgitt i punkt 1.6 ovanfor.

2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert interessa si for anskaffinga i KGV.

2.6 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar via KGV.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, blir det bede om at dette blir formidla til oppdragsgjevar via KGV.

3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava og at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar, skal leverandøren fylle ut og levere det elektroniske ESPD-skjemaet i KGV saman med tilbodet. Den leverandøren som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakten blir inngått dokumentere at kvalifikasjonskrava er oppfylte i samsvar med dei oppgitte dokumentasjonskrava.

Oppdragsgjevar kan når som helst i konkurransen be leverandørane om å levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom dette er nødvendig for å sikre ei korrekt gjennomføring av konkurransen.

Dersom fleire leverandørar deltek i konkurransen i fellesskap som ei leverandørgruppe, skal kvar av dei deltakande leverandørane fylle ut eit eige ESPD-skjema.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

Dei norske anskaffingsreglane går på enkelte punkt lenger enn avvisingsgrunnane som går fram av EU sitt direktiv om offentlege anskaffingar og standardskjemaet for ESPD. Det blir difor presisert at alle avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 gjeld i denne konkurransen.

Følgjande avvisingsgrunnar er reint nasjonale og skal omfattast av ESPD del III, seksjon D:

- § 24-2 andre ledd: Oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når oppdragsgjevar er kjend med at leverandøren er rettskraftig dømd eller har vedteke eit førelegg for dei straffbare forholda som er nemnde i føresegna. Kravet om avvising ved vedteke førelegg er eit særnorsk krav
- § 24-2 tredje ledd bokstav i: Oppdragsgjevar kan avvise ein leverandør som har gjort alvorlege feil som medfører tvil om leverandøren sin yrkesmessige integritet. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet omfattar alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske føresegna også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre slik tvil.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle kvalifikasjonskrava som er oppgitte nedanfor.

4.1 Registrering, autorisasjon mv. for leverandøren

Krav	**Dokumentasjonskrav**
Leverandøren skal vera ei lovleg registrert verksemd.	• Norske leverandørar: Leverandøren skal vera registrert i Einingsregisteret. Etne kommune kan kontrollera dette på grunnlag av organisasjonsnummeret. Dersom leverandøren er registrert i Føretaksregisteret, kan firmaattest nyttast som dokumentasjon. • Utanlandske leverandørar skal dokumentera tilsvarande registrering i heimlandet.

5 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga skjer på grunnlag av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Tildelingskriterium	Vekting	Dokumentasjonskrav
Pris	70%	Ferdig utfylt vedlegg 06 – Tilbodsskjema
Kvalitet og kompetanse	30%	Kort skildring av relevant erfaring, jf. nedanfor

Kvalitet og kompetanse – 30 %
Under kriteriet kvalitet og kompetanse vil Etne kommune vurdera den relevante operative erfaringa og kompetansen i den delen av leverandøren si verksemd som skal nyttast til gjennomføringa av oppdraget

Alle leverandørar som blir evaluerte, blir vurderte å ha føresetnader for å oppfylla minimumskrava i kontrakten. Under tildelingskriteriet vil kommunen vurdera kva meirverdi leverandøren si erfaring og kompetanse gir for gjennomføringa av oppdraget.

Det vil særleg bli lagt vekt på:

- erfaring med brøyting, strøying og anna vintervedlikehald
- anna relevant praktisk erfaring med bruk av traktor, anleggsmaskiner eller tilsvarande maskiner
- omfanget og breidda i den relevante erfaringa
- erfaring frå arbeid som krev sjølvstendig bruk av maskiner og vurderingar undervegs

Direkte erfaring med brøyting og strøying blir vurdert som særleg relevant. Samstundes kan omfattande og direkte overførbar erfaring med traktor, anleggsmaskiner eller tilsvarande maskinelt arbeid gi tilsvarande høg utteljing. Det er derfor ikkje ein føresetnad å ha utført brøyting eller strøying tidlegare for å kunna oppnå høg eller full score.

Det blir ikkje gitt ytterlegare utteljing for erfaring utover det nivået kommunen vurderer som tilstrekkeleg til å dokumentera svært god kompetanse til oppdraget.

Dokumentasjon
Leverandøren skal gi ei kort skildring av:

1. erfaring med brøyting, strøying eller anna vintervedlikehald, inkludert om lag kor mange vintersesongar den operative delen av verksemda har relevant erfaring frå.
2. anna relevant erfaring med bruk av traktor, anleggsmaskiner eller tilsvarande maskiner, inkludert type arbeid og om lag kor mange år leverandøren har slik erfaring frå.

Det er ikkje krav om CV, fagbrev eller omfattande dokumentasjon. Etne kommune kan be om nærare dokumentasjon eller referansar dersom det er nødvendig for å kontrollera opplysningane.

5.1 Evalueringsmetode

Kvar rode blir evaluert etter tildelingskriteria pris 70 % og kvalitet og kompetanse 30 %.

Ved vurdering av pris blir den prisen som gjeld for den aktuelle tildelinga lagd til grunn. Dersom leverandøren har oppgitt redusert timepris ved tildeling av fleire roder, blir denne nytta når vilkåret for den reduserte prisen er oppfylt.

Både pris og kvalitet og kompetanse blir vurderte på ein skala frå 0 til 10 poeng. Oppnådd poengsum blir multiplisert med vekta for det aktuelle tildelingskriteriet.

Pris – 70 %
Lågaste evalueringspris får 10 poeng. Dei andre tilboda får poeng etter ein lineær prismodell etter følgjande formel:

Poeng = 10 − 10 × ((evaluert pris − lågaste evalueringspris) / lågaste evalueringspris)

Ein pris som er 100 prosent høgare enn lågaste evalueringspris får 0 poeng. Tilbod med høgare pris enn dette får 0 poeng.

Kvalitet og kompetanse – 30 %
Tilbodet med den beste dokumenterte relevante erfaringa og kompetansen får 10 poeng.

Dei andre tilboda får poeng ut frå ei samla vurdering av forskjellen i relevant erfaring og kompetanse samanlikna med det beste tilbodet.

Ved vurderinga blir det lagt vekt på vurderingstema som går fram av punkt 5. Direkte erfaring med brøyting, strøying og anna vintervedlikehald blir vurdert som særleg relevant. Omfattande og direkte overførbar erfaring med bruk av traktor, anleggsmaskiner eller tilsvarande maskinelt arbeid kan også gi høg eller full utteljing.

Poengforskjellane skal gjenspegla dei relevante kvalitetsforskjellane mellom tilboda.

Følgjande skala blir nytta som rettleiing ved poengsettinga:

Poeng	**Vurdering samanlikna med beste tilbod**
10	Beste dokumenterte relevante erfaring og kompetanse.
8-9	Noko svakare enn beste tilbod, men framleis svært god relevant erfaring og kompetanse.
6-7	Klart svakare enn beste tilbod, men god og relevant erfaring og kompetanse.
4-5	Vesentleg svakare enn beste tilbod, men med noko relevant erfaring og kompetanse
2-3	Avgrensa relevant erfaring og kompetanse samanlikna med beste tilbod.
0-1	Ingen eller svært liten dokumentert relevant erfaring og kompetanse

Det kan nyttast mellomliggjande poeng og desimalpoeng dersom dette er nødvendig for å gjenspegla kvalitetsforskjellane mellom tilboda.

Samla evaluering
Poengsummen for pris blir multiplisert med 70 prosent, og poengsummen for kvalitet og kompetanse blir multiplisert med 30 prosent.

Dei vekta poengsummane blir deretter lagde saman. Tilbodet med høgast samla vekta poengsum på den enkelte roda blir vurdert som det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

6 INNLEVERING AV TILBOD

Tilbodet skal leverast via KGV-et til oppdragsgjevar.

Tilbodet skal i sin heilskap leverast i den utforminga KGV-et til oppdragsgjevar oppgir, innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod per e-post eller liknande vil føre til at tilbodet blir avvist. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risikoen for uklarheiter i tilbodet.

6.1 Utforminga av tilbodet

Leverandøren skal fylle ut og svare på alle relevante punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp i det formatet som er oppgitt i KGV eller i det aktuelle vedlegget.

Følgjande dokument skal fyllast ut og leverast med tilbodet:

- 06 - Tilbodsskjema

7 VEDLEGG

- 01 - Kravspesifikasjon vintervedlikehald på kommunale vegar
- 02 - Standard kontraktsvilkår for Etne kommune
- 03 - Kontraktsvilkår om løns- og arbeidsvilkår
- 04 - Vegnett og roder
- 05 - Andre oppgåver og opsjon
- 06 - Tilbodsskjema
- 07 - Kontakt- og sjåføropplysningar

Vedlegg 07 skal ikkje leverast med tilbodet. Det skal fyllast ut av leverandørar som får tildelt kontrakt, før oppstart.